


02.04.2011

Fortau opp mot Halsabrotet



Fortau opp frå fylkesvegen skal inn på reguleringsplanen som no ser slik ut.

Fristen for merknadar til reguleringsplanen for det nye bustadfeltet til Magne Huglen og Erlend Bjørnebøle i Halsabrotet har no gått ut og avdelingsingeniør og vegansvarleg Ivar Kåre Døssland i kommunen har kome med ein merknad om fortau.

Han peikar på at planen må innehalda og visa fortau langs hovudvegen frå avkjøyringa frå fylkesveg 48 og fram til pel.400.

Bredden på fortauen må vera minst 2 meter og så kjem skulder i tillegg.

Snuplassen i enden av hovusvegen må dimensjonerast for lastebil, påpeikar han.

Generelt minnar han om at VVA-planar skal godkjennast av tekniske tenester, som overtek anlegga for veg, spillvatn og overvatn etter søknad.

Kravet om fortau er i tråd med det som vart vedteke under handsaminga av planen i forvaltningskomiteen. Det heiter i vedtaket at det skal setjast krav til vurdering av fortau/trafikksikring i ROS-analysen.

Av Ola Matti Mathisen



Her må det bli fortau, meiner både administrasjon og politikarar. (Foto: Ola Matti Mathisen)